



# Vegvisar Valen

2010

Valen Sjukehus

100 år

Ei vandring i gamalt kultur- og asyllandskap.



Kr 20 til inntekt for Valestiftinga

## 1 Velferdsbygget

På vandringa frå VF-bygget gjennom sjukehusområdet er det gamle gardstunet på Nordre Valen Gard som ligg til venstre.



*Gardshuset på Nordre Valen er truleg oppført i 1880-åra. Då sjukehuset overtok vart dette bustad for overlege/ direktør. Her har administrasjonen ved sjukehuset halde til i nærare hundre år. Den gamle løa på garden vart verkstad i 1950-åra.*

## 2 Sjukehussamlinga Gamle Valemoen

Det som i dag vert kalla Gml Valemoen var opprindeleg bygd som Hovedbygning. Kjøken og vaskeri var og plassert her.

Seinare vart dette "Kvinnesiden". Bygget har i dag vernestatus. Det er i samband med hundreårsjubileet etablert ei sjukehussamling her i 3 etg.



### Gamle Hordabu

Opprindeleg "Mottaks-sentralen". Seinare tatt i bruk som "Mannsiden" Bygget vert i dag i hovudsak brukt som Poliklinikk og DPS dagpost. Valekrossen skule held og til her.



## 3 Sjukehus-gravplassen

Gravplass for "Valen Asyl", etablert i 1911. Den siste kvilestad for nokre av dei som ikkje hadde familie eller ei heimbygd å komma til. Direktør Konrad Lunde og kona Borghild har og fått grava si her.



## 4 Sagefallene

Her har "Brubyggjarane" laga ein flott tur- og kultursti, Her finn du "Tarzanløypa" og restar etter ein gammel fyrstikkfabrikk. Her er det og sett opp ein flott Trelavvo no i jubileumsåret.

## 5 Kraftverk

Det vert ope hus i alle dei tre kraft-stasjonane denne dagen. "Gamle stasjonen" er under rehabilitering og vil bli take vare på. Stasjon nr. 2 frå 1939 er det og håp om å bevare med det meste av innhaldet.



## 6 Gamlasago

Det har vore sagdrift på Valen like sidan 1500-talet. Gamlasago brann ned i 1988 og eit landemerke vart borte. Berre murane står att. Sjukehuset og bygda har i mange år brukt staden til festplass. I dag får du grillmat servert her.



## 7 Nyasago / Fjordmannsnaustet

Nyasago forsvann og i ein brann på slutten av 1980-talet. På sagtomta er det i dag sett opp ei rastehytte. Like ved er Kvinnherad Kystlag i gang med å byggja naust til vinterlagring av gavlabåten "Fjordmann".



## 8 Ekely

Ekely vart bygd som tuberkuloseheim 1915. Etter nedlegging vart huset tilknytt Valen sjukehus som underavdeling i 1934. Bygget står i dag utan aktivitet. Toalettløsning for rundturen finn du her.



## 9 Valekaien / Buo

All transport til og frå sjukehuset gjekk dei første åra her. I dag er kai og bu eigd av Valestiftinga, til felles nytte for bygda og sjukehuset. Matøkt med grillmat og avslutning av vandringa.

